

bokselskap.no, 2011

Olav Nygard: *Utvalgte dikt*

Teksten er lastet ned fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)

---

Olav Nygard

# Utvalgte dikt

1915–23

□

[Døyande gallar](#)

[No reiser kvelden seg](#)

[Eg andar hol i kvitan is](#)

[Eg trøyter dei dimsvale dagar](#)

[Til «ljaamannen»](#)

## **Døyande gallar**

Det brenn som eld i stungen barm  
der livsens kjelde braut sitt bægje;  
i eige blod han finn sitt lægje,  
men held seg upp paa spana arm.

I augo under sterke bruner  
brenn endaa livsens ofse-eld  
og lyser upp i daudsens deld  
paa løynde livs og lagnads runer.

Men blode renn i bylgje-straum  
or sine kvelvde brotne borgjer  
lik djupe tjønn i høgfjells-horgjer

der grunnen brest og løyser flaum.  
Hans hovud sig, og augo starar  
i dulde taake-heimar inn  
med spursmaal, og paa munn og kinn  
glid fram eit solfalls-drag som svarar.

Ein skugge av ein spotte-smil  
med helferds-mod og trass seg blandar,  
d'er livsens rike son som vandar  
aa dylje seg fyr daudsens pil.  
Hans hovud sig, men armen ranar  
hans siste kraft og held seg rak;  
i bringa gjeng eit bivre-tak;  
men smilen sit; og bive svanar.

### No reiser kvelden seg

No reiser kvelden seg i vesterbrun,  
han trør paa lette føter gjennom tun  
og skuggeveven fjell imillom hengjer.  
Det gjeng ei kviskring gjennom kjørr og lyng,  
og talatrasten skifter ljod og syng  
med avdagsskjelven under sine strenger.

Men dagen tek sin gangar fast i taum,  
tek ferdakaapa paa med gullrend saum  
og burt fraa blaane etter blaane skundar  
Det gular gjennom svale dal og lid  
der skuggen ventar natta, brura si,  
og ør i sine elskhugsdraumar blundar.

Med linne andardrag stig natta inn,  
med myrke lokkar kringum hals og kinn

og herdaduk av alvelette eimar.  
Og kløkke lundar, æolsharpe-klang,  
ris bljugt som gjenteborn or moderfang  
og sviv paa lettan fot i svale heimar.

Det gjeng ein sælebiv imillom fjell  
so fræa emnar seg og hamsar fell  
og undrings-øre augo upp seg vender:  
Or djupe himlar slær ein baaregong  
av evig skapings-gir og sfæresong  
som helsar frendeblidt mot døkke strender.

### Eg andar hol i kvitan is

Eg andar hol i kvitan is paa rute,  
legg eine auga aat og gløser ut.  
Seg losnar du ell dregst du til, du knute  
som knytte deg ein dag daa dimd og grut  
og gygreskodde la meg bleik paa pute  
og gav meg blundedrykken beisk som lut.  
Aa, hjarta var for sterkt, eg fekk kje blunde;  
men drykken vann daa verk: eit liv vart bunde.

Eg andar hol paa isen: Sol og klaare,  
eit hav av blaatt med gyllte render paa;  
slik himel daa, – det er som alt var bore  
av englevengjer, stillt i flog! Aa sjaa  
paa fjella! Her hev meister skore  
eit relief – ei hand med gudetraa,  
med hugsynsbivring, brand i bein og sansar;  
d'er berre grjot, – men fjell og dalar dansar!  
Sjaa dagen hev kje hov i sine hender;

d'er sylv som drys, d'er gull –. I svaneham  
sig burt ei skarlakssky; um himmelstrender  
glid violette bylgjur att og fram;  
d'er fredlyst alle himlar, alle grender,  
ei høgtidstille, skir og undersam.

Naar verda sine villskerider gløymer  
ho er eit voggebarn som smiler, drøymmer.

Men sjukestova tyngjer; græmestunder  
sit naglefast i veden; kvar den skaut,  
kvar stokk der augo laag daa feberblunder  
som raude bylgjur gjennom sjæla braut,  
dei ber eit minne, livfullt som eit under  
men tungt som mara; det var blod som gaut  
den raude rygd i dette bilætfylgje  
som dansar yver vegg lik draug paa bylgje.

Eg gjeng til dørs og kjenner smil paa munnen,  
d'er bylgjekambar av den glededflaum  
som bryt seg songfræg gjennom hjartebrunnen  
i bringedjuve, riv med stryk og straum  
dei graae vettebol som raadde grunnen,  
og skirest som ein blaaøygd morgondraum.

Det tonar inn som spana svalevengjer  
i flog strauk yve hundra harpestrengjer.

Eit mæle vaknar liksom sus i skogen;  
eg kvekk med hand paa dørålaasen lagd.  
Daa spør det stilt og fast: «Seg er du mogen  
fyr dagsens glede, fyr den store bragd?»  
Eg stamar: «Mogen – sjølv barnehugen  
er skapt fyr glede –.» Eg vert nedatt tagd:

«Kann du sjaa draugedans med smil paa munne?

Du stod nok strid, men du hev ikkje vunne.

Du rømer og vil drukne dine minne;

men dette rom skal sjaa den same strid

sin annan gong.» «Men skal eg sitje inne

i draugelag mi heile livetid?»

«Til denne tunge striden du kann vinne.»

«Daa ligg eg bleik, daa drys det dogg i lid.»

«Daa ligg du bleik i smil; daa hev du bunde

ein krans til livsens drott; daa kann du blunde.»

Eg bøygjer hovud, tegjer, freistar berre

aa lyfte hand til livd som fyr eit slag;

men avgjerdsstunda ek seg nær og nærre,

eg lyt nok velje, velje same dag.

«Du strenge bodords-berar, hels din herre

eg vel meg gløymsle fram fyr draugelag.

Det lyt vel heite at eg vilde røme;

men staupe var for djupt og beiskt aa tømme.»

### Eg trøyter dei dimsvale dagar

Eg trøyter dei dimsvale dagar

med tanken sit saarhendt og ror

til solhulde hangande hagar

der smil liksom vaarblomar gror.

I linnstillte lengslur eg smiler;

ein blaadæmd og svaneskir draum

sig søt gjennom hugen og kviler

i sus som ein idande straum.

Eg lengtar i blaadæmde næter  
og kjenner ein varm-ande slær  
i mot meg i bivrande æter,  
ei helsing som vaknar og fer.

Eg lengtar til hangande hagar  
der staupe med nektaren gjeng  
i kjærvene-lag, og dei dagar  
sig kveldblidt i draumenatt-seng.

### Til «ljaamannen»

Stig fram or lauvhengløyne der du kviler  
med blomeband – er det din dølneljaa?  
Det er kje staalglim – tjørnblaa rosur smiler  
i alle gluggar; aa eg kan nok sjaa  
kor hjelpelaust du harde munndrag spiler  
te lage smil – bryt taareperlur paa  
i tome augneholar? Kann du tvinge  
slikt gull or bleike bein og blodlaus bringe?

Aa ver kje bljug av dine ljote lender,  
av gnagelaaten i ditt turre kne;  
din elsk er hjarthemild, i dine hender  
ber elskhugsgaavunn bod om sæld og fred.  
Kvi skjelv ditt viv? Aa, mildt som mor du sender  
ditt brudlaupsbod med livsens helsing ved.  
Den rædde møy! Ho utan deg laut lide  
i jomfrubur den største kjærleikskvide.

Stig fram or dine løyndomsfulle dalar,  
du er ein kjenning ifraa ungdoms tid;  
eit gammalt sigersminne endaa hjalar

i evigt dvergemaal her under i  
mi sjæl; i den ekstase-bylgja svarar  
eg etterverken av so stor ein strid.  
Og vemodsfull eg ser kor live vimlar  
i villsvarm fyrr det stig mot kveldblaa himlar.

Du veit, du veit kor lite eg hev vunne  
aa byggje livsverk av min ungdoms draum;  
du veit kor tusund meinklør traatt hev spunne  
meg fast og alltid fastar i sin taum.

Og venenn, venenn som eg skulde funne –  
aa var eg sjølv slikt vatn uti straum?

Men dei som let meg sjaa Guds varme tanke  
i venskap, dei laut sjølve manna sanke.

Men etter alt ligg livsens leid forklaara  
og bivrar barneskirt i sylvslørd sol;  
fraa morgonlidenn slær den raude baara  
av heilag livstraa kring min svanestol.

Og yve dvalemoann hev det vaara  
med roseflod i alle audebol.

D'er same staupa som eg fordom tømde,  
men draumdrykk skin der blodrus-vinen blømde.

Attende i ditt fang eg hovud hallar,  
eg blundar av so eg kann betre sjaa,  
og høyre naar i lauvsus lognt du svallar  
og svevnsyng som med kvitkoll-tungur smaa.

Aa det er søte ungdomssviv som kallar  
meg heimatt, heim der eg drog ut i fraa.

Og ringen renn i hop; i songmod hjalar  
min fyrste vaar igjenom austerdalar.

---

Olav Nygards *Utvalgte dikt* er lastet ned gratis fra [bokselskap.no](http://bokselskap.no)